

COMMISSION DECISION of 6 October 2009 on the definition of the European Electronic
Toll Service and its technical elements

(UOFFISIELL OMSETJING)

KOMMISJONSAVGJERD

av 6. oktober 2009

om utforminga av den europeiske elektroniske bompengetenesta og dei tilhøyrande tekniske aspekta

[meld under nummeret K(2009) 7547]

(2009/750/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/52/EF av 29. april 2004 om samvirkingsevnen mellom elektroniske bompengesystemer i Fellesskapet⁽¹⁾, særleg artikkel 4, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I medhald av direktiv 2004/52/EF skal Kommisjonen definere den europeiske elektroniske bompengetenesta (European Electronic Toll Service, EETS) i samsvar med den framgangsmåten som er nemnd i artikkel i 5 nr. 2 i det nemnde direktivet.
- 2) Éin kontrakt med éin EETS-tilbydar bør gjere det mogleg for EETS-brukarar å betale bompengar i alle EETS-område i det europeiske vegnettet i samsvar med artikkel 3 nr. 1 i direktiv 2004/52/EF ved hjelp av mellom anna eitt enkelt køyretøyutstyr (on-board equipment, OBE), som kan nyttast i alle EETS-område.
- 3) Denne avgjerda omfattar utveksling av opplysningar mellom medlemsstatar, bompengeinnkrevjarar, tenesteytarar og vegbrukarar med sikte på å sikre korrekt deklarerings av bompengar som skal betalast i samband den europeiske elektroniske bompengetenesta.
- 4) Innføringa av den europeiske elektroniske bompengetenesta vil føre til handsaming av personopplysningar, som skal skje i nøye samsvar med dei aktuelle fellesskapsføresegnene som er fastsette i mellom anna europaparlaments- og rådsdirektiv 95/46/EF⁽²⁾ og europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/58/EF⁽³⁾.
- 5) Bompengeinnkrevjarar må gje EETS-tilbydarar tilgang til EETS-området sitt på ein måte som sikrar lik handsaming.
- 6) For å sikre alle EETS-tilbydarar klarleik og lik handsaming i tilgangen til EETS-område, skal bompengeinnkrevjarar offentleggjere alle naudsynte opplysningar om tilgangsrettar i ei EETS-områdefråsegn.
- 7) Den europeiske elektroniske bompengetenesta byggjer på prinsippa om klarleik og effektiv og rettferdig prissetjing.

⁽¹⁾ TEU L 166 av 30.4.2004, s. 124.

⁽²⁾ Europaparlaments- og rådsdirektiv 95/46/EF av 24. oktober 1995 om beskyttelse av fysiske personer i forbindelse med behandling av personopplysninger og om fri utveksling av slike opplysninger (TEF L 281 av 23.11.1995, s. 31).

⁽³⁾ Europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/58/EF av 12. juli 2002 om behandling av personopplysninger og personvern i sektoren for elektronisk kommunikasjon (TEF L 201 av 31.7.2002, s. 37).

- 8) Det må innførast ein forliksframgangsmåte med sikte på å løyse tvistar mellom bompenggeinnkrevjarar og EETS-tilbydarar i samband med kontraktsforhandlingar og kontraktstilhøva mellom dei. Bompenggeinnkrevjarar og EETS-tilbydarar bør rådføre seg med nasjonale forliksorgan for å løyse tvistar som gjeld lik handsaming med omsyn til tilgang til EETS-område.
- 9) Ei effektiv forvaltning av ei rettferdig og lik handsaming med omsyn til tilgang til EETS, som òg inneber å unngå unødvendige administrative byrder, krev tett samarbeid mellom dei nasjonale forliksorgana til medlemsstatane⁽¹⁾ med omsyn til bruken av desse fellesskapsføresegnene og med omsyn til handsaminga av eventuelle klagar, utan omsyn til ei eventuell rettsleg gransking.
- 10) Bompenggeinnkrevjarar kan ha ulike innkrevjingsmetodar for ulike kategoriar brukarar og/eller køyretøy og skal handsame alle EETS-brukarar likt i medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 2006/123/EF av 12. desember 2006 om tjenester i det indre marked (tenestedirektivet)⁽²⁾.
- 11) EETS-brukarar skal ikkje betale meir bompengar enn dei ville ha gjort med ei tilsvarande nasjonal/lokal bompenggeordning.
- 12) Bompenggeinnkrevjarane kan for nasjonale eller lokale føremål halde ved lag eller opprette særskilde nasjonale eller lokale tenester med manuelle, automatiske eller elektroniske system. Den europeiske elektroniske bompengetenesta er ei teneste som utfyller dei nasjonale eller lokale elektroniske bompengetenestene til medlemsstatane, men medlemsstatar som har bompengesystem, skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å auke bruken av elektroniske bompengesystem og leggje vinn på å sikre at minst 50 % av trafikkstraumen ved kvar bomstasjon kan nytte elektroniske bompengesystem.
- 13) Bompengepolitikken byggjer på regelverket til Fellesskapet eller nasjonal eller lokal lovgjeving, og det er bompenggeinnkrevjarane sitt ansvar å iverksetje han. Kvar medlemsstat skal på ein måte som sikrar lik handsaming, ta avgjerd om overvaking av bompengedeclarering, eventuelt i samsvar med EU-regelverket. Den europeiske elektroniske bompengetenesta skal syte for samverkande verktoy for overvaking av om bompengar er deklarererte på riktig måte for køyretøy som det vert opplyst at nyttar den europeiske elektroniske bompengetenesta.
- 14) Bompengeteknologien gjer det mogleg å krevje inn bompengar utan fysiske sperringar, noko som gagnar trafikktryggleiken og skapar mindre kø.
- 15) Bompengar medverkar vanlegvis til finansiering av bygging og vedlikehald av transportinfrastruktur. Transportørar som ikkje betalar bompengane, tek økonomiske midlar til dette føremålet frå medlemsstatane og Fellesskapet og oppnår ei urettferdig konkurranseføremon i høve til dei transportørane som betalar. Bompenggeomgåing kan undergrave dei transportpolitiske måla for trafikkstyring, kø og ureiningshandtering.
- 16) Det bør fastsetjast grunnleggjande krav som skal gjelde for Den europeiske elektroniske bompengetenesta i heile Fellesskapet.
- 17) Den europeiske elektroniske bompengetenesta har teknologiske og organisatoriske aspekt. Det må fastsetjast grunnleggjande krav for begge aspekta for å sikre samverknadsevne i Den europeiske elektroniske bompengetenesta på alle plan. Det trengst tekniske spesifikasjonar for heile Fellesskapet, særleg med omsyn til komponentar og grensesnitt, for å oppfylle desse grunnleggjande tekniske krava.
- 18) For å oppfylle dei relevante føresegnene om framgangsmåtar ved tildeling av kontraktar i vegsektoren og særleg

⁽¹⁾ Det er opp til kvar einskilt medlemsstat å ta avgjerda om den praktiske opprettinga av eit forliksorgan med ansvar for meklingsfunksjonen, såfram krava i kapittel IV som sikrar EETS-tilbydarane rettferdig tilgang til dei nasjonale EETS-områda, er oppfylte.

⁽²⁾ TEU L 376 av 27.12.2006, s. 36.

europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/18/EF⁽¹⁾, bør dei offentlege oppdragsgjevarane føre opp dei tekniske spesifikasjonane i konkurransekunngjeringane eller i anna dokumentasjon, som til dømes allmenne dokument eller vilkåra for kvar einskild kontrakt. Tekniske spesifikasjonar kan definerast med tilvising til visse dokument. Det bør difor byggjast opp ei samling av tekniske spesifikasjonar som det kan visast til.

- 19) I samsvar med direktiv 2004/18/EF kan ein teknisk spesifikasjon definerast mellom anna med tilvising til ein europeisk standard eller ein harmonisert standard, ei europeisk teknisk godkjenning eller ein felles teknisk spesifikasjon. Harmoniserte standardar skal utarbeidast av eit europeisk standardiseringsorgan som til dømes Den europeiske standardiseringsorganisasjonen (CEN), Det europeiske utvalet for elektroteknisk standardisering (CENELEC) eller Det europeiske standardiseringsinstituttet for telekommunikasjonar (ETSI), på oppdrag frå Kommisjonen, og tilvisingane til dei skal kunngjerast i *Tidend for Den europeiske unionen*⁽²⁾.
- 20) Det er i Fellesskapet si interesse at det finst eit internasjonalt system for standardisering som er i stand til å utarbeide standardar som faktisk vert nytta av aktørar innanfor internasjonal handel, og som oppfyller krava i fellesskapspolitikken. Dei europeiske standardiseringsorgana bør difor halde ved lag samarbeidet med dei internasjonale standardiseringsorgana.
- 21) Det er mogleg at ytterlegare tekniske spesifikasjonar eller andre standardar må fastsetjast på eit seinare stadium. Desse spesifikasjonane bør medverke til å utfylle krava til den europeiske elektroniske bompengetenesta som er vortne harmoniserte på fellesskapsplan.
- 22) Dei framgangsmåtane som gjeld for vurdering av om samverknadskomponentane i den europeiske elektroniske bompengetenesta er i samsvar med spesifikasjonane og eigna for bruk, bør byggje på dei modulane som er fastsette i europaparlaments- og rådsbeslutning nr. 768/2008/EF⁽³⁾. Så langt det er råd og med sikte på å fremje utviklinga til dei industriane som det gjeld, bør det utarbeidast framgangsmåtar som omfattar eit kvalitetssikringssystem. Desse framgangsmåtane må gje dei melde organa høve til å vurdere om samverknadskomponentane i den europeiske elektroniske bompengetenesta er i samsvar med spesifikasjonane og eigna for bruk, for å forsikre seg om at resultatane i utformings-, bygging- og iverksetjingsfasen og under drift, er i samsvar med gjeldande regelverk og tekniske og driftsmessige føresegner. Dei må òg gjere det mogleg for produsentane å rekne med lik handsaming same kva land det dreier seg om.
- 23) Desse melde organa må samordne avgjerdene sine så nøye som mogleg.
- 24) Samsvar med spesifikasjonane kan vise seg å ikkje vere tilstrekkeleg for å vurdere den driftsmessige samverknadsevna i praksis. Det er difor naudsynt med ei CE-merking av bruksdugleiken.
- 25) I artikkel 4 nr. 4 i direktiv 2004/52/EF er det fastsett at Kommisjonen skal gjere vedtak om utforminga av den europeiske elektroniske bompengetenesta i samsvar med rådsbeslutning 1999/468/EF av 28. juni 1999 om fastsettelse av nærmerer regler for utøvelsen av den gjennomføringsmyndighet som er tillagt Kommisjonen⁽⁴⁾. Vedlegget til direktiv 2004/52/EF kan eventuelt endrast av tekniske grunnar i samsvar med den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 5 nr. 2 i det direktivet.
- 26) Denne avgjerda byggjer på det arbeidet som er gjort i felleseuropeiske forskingsprosjekt⁽⁵⁾ (Prosjekta CESARE og RCI) som vart støtta av Kommisjonen og som samla viktige aktørar, og i ekspertgrupper oppretta av Kommisjonen med det føremålet å definere

⁽¹⁾ Europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/18/EF av 31. mars 2004 om samordning av framgangsmåtane ved tildeling av offentlege bygge- og anleggskontrakter, kontrakter om offentlege varekjøp og kontrakter om offentlig tjenesteyting (TEF L 134 av 30.4.2004, s. 114).

⁽²⁾ Dei viktigaste delane i den nye metoden er fastsette i rådsresolusjon av 7. mai 1985 om en ny metode i forbindelse med teknisk harmonisering og standardisering (TEF C 136 av 4.6.1985, s. 1).

⁽³⁾ Europaparlaments- og rådsbeslutning nr. 768/2008/EF av 9. juli 2008 om en felles ramme for markedsføring av produkter og om oppheving av rådsbeslutning 93/465/EØF (TEU L 218 av 13.8.2008, s. 82).

⁽⁴⁾ TEF L 184 av 17.7.1999, s. 23.

⁽⁵⁾ Prosjekta CESARE og RCI.

nøyaktig innhaldet i og den organisasjonsmessige strukturen til den europeiske elektroniske bompengeresta.

- 27) Med tanke på kor viktig det er at den europeiske elektroniske bompengeresta vert innført, bør Kommissjonen gjere ei vurdering 18 månader etter at denne avgjerda har teke til å gjelde. Ut frå konklusjonane i den førebels vurderinga av framgangen i innføringa av den europeiske elektroniske bompengeresta, skal Kommissjonen med hjelp frå utvalet for elektroniske bompengar gjere framlegg om tiltak som er naudsynte.
- 28) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå utvalet for elektroniske bompengar som er oppnemnt i medhald av artikkel 5 nr. 1 i direktiv 2004/52/EF —

TEKE DENNE AVGJERDA:

KAPITTEL I

ALLMENNE FØRESEGNER

Artikkel 1

Føremål og verkeområde

1. I denne avgjerda vert den europeiske elektroniske bompengeresta (EETS) definert.

Dei tekniske spesifikasjonane og krava som er naudsynte for dette føremålet, og dei kontraktreglane som gjeld for levering av den europeiske elektroniske bompengeresta, vert fastsette.

2. I denne avgjerda vert rettane og pliktene til EETS-tilbydarar, bompengerestevjargar og EETS-brukarar fastsette.

Artikkel 2

Definisjonar

I denne avgjerda tyder

- a) «EETS-område» eit bompengerestevjargar som fell inn under verkeområdet til direktiv 2004/52/EF,
- b) «EETS-tilbydar» ein juridisk person som oppfyller krava i artikkel 3, som er registrert i den medlemsstaten der han er etablert og som gjev ein EETS-brukar tilgang til den europeiske elektroniske bompengeresta,
- c) «EETS-brukar» ein fysisk eller juridisk person som gjer ein kontrakt med ein EETS-tilbydar for å få tilgang til den europeiske elektroniske bompengeresta,
- d) «samverknadskomponentar» alle grunnleggjande komponentar, gruppe av komponentar, deleiningar eller fullstendige ustyreseiningar som inngår i eller er meinte for å inngå i den europeiske elektroniske bompengeresta, og som samverknadssevna til tenesta er direkte eller indirekte avhengig av, medrekna både materielle delar og immaterielle delar som til dømes programvare,
- e) «køyretøyutstyr» ei fullstendig samling av maskinvare- og programvarekomponentar som gjer det mogleg å yte den europeiske elektroniske bompengeresta, som er installert i eit køyretøy med sikte på innsamling, lagring, handsaming og fjernmottak og -overføring av data,
- f) «bruksdugleik» den evna ein samverknadskomponent har til å oppnå og halde ved lag ei særskild yting når han er i drift og typisk er integrert i den europeiske elektroniske bompengeresta i samband med systemet til ein bompengerestevjargar,

- g) «takstklasse» ei gruppe køyretøy som vert handsama likt av ein bompengerekkje,
- h) «takstsystem» fordelinga i takstklasser av dei bompengane som skal betalast og som bompengerekkjehaldaren har fastsett,
- i) «teknisk spesifisering» ein spesifisering som fastsett i artikkel 23 i og vedlegg VI til direktiv 2004/18/EF,
- j) «bompengar» ei avgift, eit gebyr eller ein skatt som vert kravd inn i samband med køyrande trafikk i eit bompengeområde,
- k) «bompengerekkje» ein offentleg eller privat organisasjon som krev inn bompengar for køyrande trafikk i eit EETS-område,
- l) «bompengedata» dei opplysningane som den ansvarlege bompengerekkjehaldaren har definert som naudsynte for at bompengetaksten for køyrande trafikk i eit særskilt bompengeområde kan fastsetjast og bompengetransaksjonen slutførast,
- m) «bompengedeklarasjon» ei fråsegn til ein bompengerekkje der det vert stadfesta at eit køyretøy har køyrd i eit bompengeområde, utarbeidd i eit format som bompengetenesteytaren og bompengerekkjehaldaren er samde om,
- n) «bompengeområde» eit område innanfor EU-territoriet, ein del av det europeiske vegnettet eller ein konstruksjon som til dømes ein tunnel, ei bru eller ei ferje, der det vert kravd bompengar,
- o) «bompengeordning» eit sett med reglar, medrekna handhevingsreglar, som gjeld for innkreving av bompengar i eit bompengeområde,
- p) «bompengetransaksjon» ei handling eller ei rekkje handlingar der ein bompengedeklarasjon vert gjeve vidare til bompengerekkjehaldaren,
- q) «parametrar for klassifisering av køyretøy» dei køyretøyopplysningane som bompengane vert rekna ut etter på grunnlag av bompengedataa.

KAPITTEL II

ALLMENNE PRINSIPP

Artikkel 3

Krav som EETS-tilbydarane må oppfylle

EETS-tilbydarane skal registrere seg i ein medlemsstat der dei er etablert, og registreringa skal godkjennast dersom dei oppfyller følgjande krav:

- a) Dei skal vere sertifiserte etter EN ISO 9001 eller liknande.
- b) Dei skal godtgjere at dei har det tekniske utstyret og den EF-samsvarsfråsegna eller attesten for samverknadskomponentane som det er krav om i medhald av vedlegg IV nr. 1 til denne avgjerda.
- c) Dei skal vise at dei har kompetanse innan yting av elektroniske bompengetenester eller andre relevante område.
- d) Dei skal ha høveleg økonomisk evne.
- e) Dei skal ha ein overordna risikohandteringsplan som skal reviderast minst annakvart år.

f) Dei skal ha eit godt omdøme.

Artikkel 4

Rettane og pliktene til EETS-tilbydarane

1. EETS-tilbydarane skal gjere EETS-kontraktar som dekkjer alle EETS-område innan 24 månader etter at dei registrerte i samsvar med artikkel 19.

EETS-tilbydaren skal til kvar tid halde ved lag dekkinga si av alle EETS-områda. I tilfelle endringar i EETS-områda eller andre grunnar som påverkar den fulle dekkinga, skal tilbydaren atterreise full dekking innan 6 månader.

2. EETS-tilbydarane skal informere EETS-brukarane om EETS-områdedekkinga si og om alle endringar i dekkinga.

EETS-tilbydarane skal utarbeide ei årleg fråsegn til registreringsmedlemsstaten om EETS-områdedekkinga si.

3. EETS-tilbydarane skal om naudsynt utstyre EETS-brukarane med køyretøyutstyr (OBE) som oppfyller dei aktuelle tekniske krava som er fastsette i denne avgjerda. Dei skal leggje fram prov på at dei krava er oppfylte.

4. EETS-tilbydarane skal overvake kvaliteten på tenesteytinga si. Dei skal ha reviderte driftsprosedyrar som gjer det mogleg å gjere eigna tiltak når det vert oppdaga problem med tenesteytinga eller brot på integriteten.

5. EETS-tilbydarane skal yte høveleg kundeteneste og teknisk støtte for å sikre riktig individuell tilpassing av køyretøyutstyret. EETS-tilbydarane har ansvaret for å leggje faste parametar for klassifisering av køyretøy inn i køyretøyutstyret eller i informasjonssystemet sitt. Variable parametar for klassifisering av køyretøy, som kan variere frå tur til tur eller innanfor same turen og som er meinte for å verte lagde inn ved eit inngrep i køyretøyet, skal kunne konfigurast gjennom eit eigna brukargrensesnitt.

6. EETS-tilbydarane skal føre lister over køyretøyutstyr som ikkje lenger er godkjent og som er knytt til EETS-kontraktane deira med EETS-brukarane. Slike lister skal førast i nøye samsvar med fellesskapsføresegnene om vern av personopplysningar som er fastsette i mellom anna direktiv 95/46/EF og direktiv 2002/58/EF.

7. EETS-tilbydarane skal offentleggjere kontraktsvilkåra som gjeld for EETS-brukarar.

8. Ved fakturering av individuelle EETS-brukarar skal EETS-tilbydarane tydeleg skilje tenestedelane til EETS-tilbydaren frå bompengane og spesifisere, med mindre brukaren sett seg i mot det, minst tidspunktet og staden for innkrevjinga av bompengane og den samansetnaden til dei einskilde bompengebeløpa som er relevant for brukaren.

9. EETS-tilbydarane skal så snøgt som praktisk mogleg opplyse ein EETS-brukar om alle manglande bompengedeklarasjonar i samband med bompengekontoen hans og eventuelt gje han høvet til å bringe kontoen i orden før det vert sett i verk tvangstiltak.

10. EETS-tilbydarane skal samarbeide med bompengeinnkrevjarane med omsyn til handhevinga.

Artikkel 5

Rettane og pliktene til EETS-tilbydarane

1. Når eit EETS-område ikkje oppfyller dei vilkåra for samverknadsevne med omsyn til prosedyrar og teknologi innan EETS som er fastsette i direktiv 2004/52/EF og i denne avgjerda, skal den ansvarlege bompengeinnkrevjaren vurdere problemet saman med dei aktørane som det gjeld, og såframt det kjem inn under ansvarsområdet hans, gjere utbetringstiltak for å sikre samverknad mellom EETS og bompengesystemet. I så fall skal bompengeinnkrevjaren informere medlemsstatane slik at det registeret som er nemnt i artikkel 19 nr. 1 bokstav a), kan ajourførast.

2. Alle bompengeinnkrevjarar skal utarbeide og ajourføre ei EETS-områdefråsegn der dei allmenne vilkåra for at EETS-

tilbydarane skal få tilgang til bompengedområda deira er fastsette i samsvar med vedlegg I.

3. Bompengerekruteringane skal på ein måte som ikkje inneber skilnadshandsaming, godkjenne alle EETS-tilbydarar som søker om å få yte den europeiske elektroniske bompengetenesta i det EETS-området/dei EETS-områda som bompengerekruteringaren har ansvaret for.

For at ein EETS-tilbydar skal kunne godkjennast i eit bompengedområde, må han oppfylle dei allmenne vilkåra som er fastsette i EETS-områdefråsegna, med sikte på at forhandlingane kan sluttførast innanfor den tidsramma som er nemnd i artikkel 4 nr. 1; godkjenninga kan òg vere omfatta av særskilde kontraktsvilkår.

Dersom ein bompengerekrutering og ein EETS-tilbydar ikkje vert same, kan saka sendast over til det forliksorganet som er ansvarleg for det aktuelle bompengedområdet.

4. Dei bompengane som bompengerekruteringane krev inn frå EETS-brukarane, skal ikkje overstige dei tilsvarende nasjonale/lokale bompengane.

5. Bompengerekruteringane skal godta alle typar fungerande køyretøyutstyr frå dei EETS-tilbydarane som dei har eit kontraktstilhøve til, som er sertifisert i samsvar med vedlegg IV og som ikkje er ført opp i ei liste over utstyr som ikkje lenger er godkjent, som nemnt i artikkel 7 nr. 3.

Bompengerekruteringane skal på nettstaden sin føre ei lett tilgjengeleg, offentleg liste over alle EETS-tilbydarar som dei har kontrakt med.

6. Ein bompengerekrutering kan be om at ein EETS-tilbydar medverkar til umelde og detaljerte prøvingar av bompengesystem som omfattar køyretøy som trafikkerer eller som nylig har trafikkert EETS-området/EETS-områda til bompengerekruteringaren. Talet på køyretøy som vert underlagt slike prøvingar i løpet av eit år for ein viss EETS-tilbydar, skal stå i høve til den gjennomsnittlege eller venta trafikken per år i EETS-området/EETS-områda til bompengerekruteringaren.

7. Dersom det oppstår feil i den europeiske elektroniske bompengetenesta som skriv seg frå bompengerekruteringaren, skal bompengerekruteringaren syte for at drifta held fram med eit lågare driftsnivå, slik at det vert mogleg for køyretøy med det utstyret som er nemnt i nr. 5, å køyre trygt med minst mogleg forseinking og utan at dei vert rekna for å unndra bompengar.

8. Bompengerekruteringane skal på ein måte som ikkje inneber skilnadshandsaming, samarbeide med EETS-tilbydarar og/eller produsentar og/eller melde organ med sikte på å vurdere bruksdugeleiken til samverknadskomponentane i bompengedområda sine.

Artikkel 6

Bompengedata

Bompengerekruteringar skal melde frå om alle endringar i bompengedataa sine til den medlemsstaten/dei medlemsstatane der bompengedområdet deira ligg, mellom anna med omsyn til følgjande:

- a) definisjonen av EETS-området, særleg den geografiske utbreiinga og infrastrukturen som er underlagt bompengar,
- b) typen bompengar og innkreivingsprinsipp,
- c) køyretøy som det skal kreivast bompengar for,
- d) parametrar for klassifisering av køyretøy (talet på akslar, største tillatne vekt til tilhengarar, type opphenging, osv.) og plasseringa deira i takstsystemet til bompengerekruteringaren,

e) dei påkravde bompengedeklarasjonane.

Artikkel 7

Bompengar

1. Bompengane skal fastsetjast av bompengeinnskrevjaren mellom anna ut frå klassifiseringa til køyretøyet. Klassifiseringa til eit køyretøy skal fastsetjast på grunnlag av parametane for klassifisering av køyretøy i vedlegg VI. Dersom det er avvik mellom køyretøyklassifiseringa til EETS-tilbydaren og bompengeinnskrevjaren, skal klassifiseringa til bompengeinnskrevjaren gjelde såframt det ikkje kan påvisast ein feil.
2. I tillegg til å krevje betaling frå ein EETS-tilbydar for alle dokumenterte bompengedeklarasjonar kan ein bompengeinnskrevjar krevje betaling frå ein EETS-tilbydar for alle dokumenterte manglande bompengedeklarasjonar for ein brukarkonto som EETS-tilbydaren forvaltar.
3. Dersom ein EETS-tilbydar har sendt over til ein bompengeinnskrevjar ei liste som nemnt i artikkel 4 nr. 6, over køyretøyutstyr som ikkje lenger er godkjent, skal EETS-tilbydaren ikkje haldast ansvarleg for ytterlegare bompengar som kjem på ved bruk av slikt køyretøyutstyr som ikkje lenger er godkjent. Bompengeinnskrevjarane og EETS-tilbydarane skal verte samde om talet på oppføringar i lista over køyretøyutstyr som ikkje lenger er godkjent, formatet til lista og kor ofte ho skal ajourførast.
4. I mikrobølgjebaserte bompengesystem skal bompengeinnskrevjarane sende inn dokumenterte bompengedeklarasjonar til EETS-tilbydarane for bompengar som dei høvesvise EETS-brukarane deira skuldar.

Artikkel 8

Rekneskap

Dersom ein organisasjon er både bompengeinnskrevjar og EETS-tilbydar, skal medlemsstatane gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at det vert utarbeidd og offentleggjort åtskilde resultatrekneskapar og balansar for kvar type verksemd og at det ikkje finst kryssubsidiering mellom dei to verksemdene.

Rekneskapssystema for verksemda til bompengeinnskrevjarane og EETS-tilbydarane skal haldast åtskilde frå kvarandre og frå rekneskapar for andre typar verksemd slik at det kan gjerast ei tydeleg nytte- og kostnadsvurdering av ytinga av den europeiske elektroniske bompengetenesta.

Artikkel 9

Rettane og pliktene til EETS-brukarane

1. EETS-brukarane kan abonnere på den europeiske elektroniske bompengetenesta gjennom kven som helst av EETS-tilbydarane utan omsyn til nasjonalitet, bustadsstat eller kva stat køyretøyet er registrert i. Når dei gjer kontrakt skal EETS-brukarane verte nøye informerte om korleis personopplysningane deira vert handsama og dei rettane dei har i medhald av gjeldande regelverk for vern av personopplysningar.
2. EETS-brukarane skal sikre at alle brukar- og køyretøydata som dei sender over til EETS-tilbydaren, er korrekte.
3. EETS-brukarane skal gjere alle moglege tiltak for å sikre at køyretøyutstyret er verksamt når køyretøyet trafikkerer eit bompengeområde.
4. EETS-brukarane skal nytte køyretøyutstyret i samsvar med instruksjonane til EETS-tilbydaren, særleg med omsyn til deklarerer av variable køyretøyparametrar.
5. Når ein EETS-brukar har betalt bompengar til EETS-tilbydaren sin, skal betalingsplikta til EETS-brukaren overfor den aktuelle bompengeinnskrevjaren reknast for å vere oppfylt.

KAPITTEL III

FORLIKSORGAN

Artikkel 10

Oppretting og funksjonar

1. Alle medlemsstatar med minst eitt EETS-område skal oppnemne eller opprette eit forliksorgan for å lette meklinga mellom bompenggeinnkrevjarar som har eit bompenggeområde innanfor territoriet sitt, og EETS-tilbydarar som har kontrakt eller er i kontraktsforhandlingar med desse bompenggeinnkrevjarane. Forliksorganet skal særleg ha fullmakt til å undersøkje om dei kontraktsvilkåra som ein bompenggeinnkrevjar har pålagt ulike EETS-tilbydarar, inneber skilnadshandsaming og om dei på ein rettferdig måte speglar kostnadene og risikoane til partane i kontrakten.
2. Medlemsstaten skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at forliksorganet i den organisatoriske og juridiske forma si er uavhengig av dei kommersielle interessene til bompenggeinnkrevjarane og EETS-tilbydarane.

Artikkel 11

Framgangsmåte for mekling

1. Ein bompenggeinnkrevjar eller ein EETS-tilbydar bør be det aktuelle forliksorganet om å gripe inn i alle tvistar som har med kontraktstilhøva eller kontraktsforhandlingane deira å gjere.
2. Forliksorganet skal innan ein månad etter at det har fått ei oppmoding om å gripe inn, opplyse om det har motteke alle dokument som er naudsynte for meklinga.
3. Forliksorganet skal gje fråsegna si om ein tvist seinast seks månader etter at det tok imot oppmodinga om å gripe inn.
4. For å lette oppgåvene for forliksorganet skal medlemsstatane gje organet fullmakt til å be om relevante opplysningar frå bompenggeinnkrevjarar, EETS-tilbydarar og eventuelle tredjemenn som medverkar med omsyn til å yte den europeiske elektroniske bompenggetenesta i den aktuelle medlemsstaten.
5. Dei nasjonale forliksorgana skal utveksle opplysningar om arbeidet sitt, retningslinjene og metodane sine.

KAPITTEL IV

TEKNISKE FØRESEGNER

Artikkel 12

Ein einskild gjennomgåande teneste

Medlemsstatane skal sikre at den europeiske elektroniske bompenggetenesta vert stilt til rådvelde for EETS-brukarane som éin einskild gjennomgåande teneste. Dette inneber følgjande:

- a) Når parametrane for klassifisering av køyretøy, medrekna dei variable, er lagra og/eller deklarererte, trengst det ikkje andre inngrep frå menneske i køyretøyet i løpet av turen med mindre eigenskapane til køyretøyet er vortne endra.
- b) Interaksjonen mellom brukaren og ein særskild del av køyretøyutstyret skal vere den same uansett kva EETS-område det gjeld.

Artikkel 13

Krav som den europeiske elektroniske bompenggetenesta må oppfylle

1. Den europeiske elektroniske bompengetenesta skal oppfylle dei grunnleggjande krava som er fastsette i vedlegg III.
2. I tillegg til bompengetenester bør EETS-køyretøyutstyret gjere det mogleg å innføre andre strekningsbaserte tenester i framtida. Bruken av EETS-køyretøyutstyr til andre tenester skal ikkje forstyrre bompengefunksjonen i eit bompengeområde.

Artikkel 14

Samverknadskomponentar

1. Samverknadskomponentane, medrekna grensesnitt, skal oppfylle dei krava som er fastsette i vedlegg II.

Medlemsstatane skal rekne dei samverknadskomponentane som har CE-merking for å vere i samsvar med dei relevante grunnleggjande krava.

2. Vurderinga av om samverknadskomponentane er i samsvar med spesifikasjonane og/eller er eigna for bruk skal utførast slik det er fastsett i vedlegg IV.

EETS-samverknadskomponentane kan ha CE-merking dersom dei er omfatta av EF-fråsegnene om samsvar med spesifikasjonane og/eller om bruksdugleik.

3. Fråsegner om samsvar med spesifikasjonar og/eller om bruksdugleik skal utarbeidast av produsenten av samverknadskomponentane, EETS-tilbydaren eller ein godkjend representant i samsvar med vedlegg IV.

Innhaldet i fråsegna skal vere slik det er fastsett i del 3 i vedlegg IV.

4. Medlemsstatane skal ikkje med tilvising til denne avgjerda forby, avgrense eller hindre at samverknadskomponentar vert bringa i omsetning for bruk i den europeiske elektroniske bompengetenesta dersom dei er CE-merkte eller er omfatta av ei fråsegn om samsvar med spesifikasjonar og/eller om bruksdugleik. Dei kan særleg ikkje krevje at det skal gjerast kontrollar som allereie er utførte som ein del av framgangsmåten for vurdering av samsvar med spesifikasjonar og/eller av bruksdugleik.

5. Når tekniske spesifikasjonar som er relevante for den europeiske elektroniske bompengetenesta vert offentleggjorde etter vedtakinga av denne avgjerda, skal Kommissjonen vurdere nytteverdien deira i samsvar med den framgangsmåten som er nemnt i artikkel 5 nr. 2 i direktiv 2004/52/EF.

KAPITTEL V

VERNEKLAUSULAR

Artikkel 15

1. Dersom ein medlemsstat har grunn til å tru at CE-merkte samverknadskomponentar som er bringa i omsetning og som vert nytta slik det er tenkt, ikkje oppfyller dei grunnleggjande krava, skal han gjere alle dei tiltaka som er naudsynte for å avgrense bruksområdet deira, forby bruken av dei eller trekkje dei tilbake frå marknaden. Medlemsstaten skal straks melde frå til Kommissjonen om dei tiltaka som er gjorde og grunngje avgjerda si, og dessutan særleg presisere om mangelen på samsvar skuldast

a) at dei tekniske spesifikasjonane vert nytta på feil måte,

b) at dei tekniske spesifikasjonane er mangelfulle.

2. Kommissjonen skal så snøgt som råd halde samråd med dei partane som det gjeld.

- a) Dersom Kommissjonen etter samrådet slår fast at tiltaket er grunngeve, skal han straks melde frå til den medlemsstaten som det gjeld, og til dei andre medlemsstatane.
 - b) Dersom Kommissjonen etter samrådet med dei partane som det gjeld, slår fast at tiltaket ikkje er grunngeve, skal han straks melde frå til den medlemsstaten som det gjeld, og til produsenten eller den godkjende representanten hans som er etablert i Fellesskapet, og til dei andre medlemsstatane.
3. Dersom CE-merkte samverknadskomponentar ikkje oppfyller krava til samverknad, skal den rette medlemsstaten krevje at produsenten eller den godkjende representanten hans som er etablert i Fellesskapet, syt for at samverknadskomponentane vert i samsvar med spesifikasjonane og/eller eigna for bruk på dei vilkåra som er fastsette av den medlemsstaten, og gje Kommissjonen og dei andre medlemsstatane melding om dette.

Artikkel 16

Alle avgjerder med omsyn til samsvarsvurderinga av og bruksdugleiken til samverknadskomponentane og alle avgjerder som er gjorde i medhald av artikkel 15, skal innehalde ei detaljert grunngeving. Dei skal så snøgt som råd meldast til den parten som det gjeld, saman med opplysningar om kva klagerett som kan nyttast i medhald av gjeldande lovgjeving i den aktuelle medlemsstaten, og dei tidsfristane som gjeld for slike klager.

KAPITTEL VI

ADMINISTRATIVE ORDNINGAR

Artikkel 17

Melde organ

1. Medlemsstatane skal melde frå til Kommissjonen og dei andre medlemsstatane om alle organ som har fullmakt til å utføre eller overvake framgangsmåten for vurdering av samsvar med spesifikasjonane og bruksdugleik, som nemnt i vedlegg IV, saman med opplysningar om kompetanseområdet til kvart organ og identifikasjonsnummeret som dei har fått frå Kommissjonen på førehand. Kommissjonen skal kunngjere lista over organ saman med identifikasjonsnumra og kompetanseområda deira i *Tidend for Den europeiske unionen*, og halde lista ajourført.
2. Medlemsstatane skal nytte dei kriteria som er fastsette i vedlegg V, når dei vurderer kva organ som skal utpeikast til melde organ. Organ som oppfyller dei vurderingskriteria som er fastsette i relevante europeiske standardar, skal reknast for å oppfyller dei nemnde kriteria.
3. Ein medlemsstat skal trekkje tilbake godkjenninga av eit organ dersom organet ikkje lenger oppfyller dei kriteria som er nemnde i vedlegg V. Han skal straks melde frå til Kommissjonen og dei andre medlemsstatane om dette.
4. Dersom ein medlemsstat eller Kommissjonen meiner at eit meldt organ som er utpeikt av ein annan medlemsstat, ikkje oppfyller dei aktuelle kriteria, skal saka sendast over til Utvalet for elektroniske bompengar, som skal kome med ei fråsegn innan tre månader. I lys av fråsegna frå Utvalet skal Kommissjonen informere dei medlemsstatane som det gjeld, om alle endringar som er naudsynte for å halde ved lag den statusen som det melde organet har fått.

Artikkel 18

Samordningsgruppe

Ei samordningsgruppe (heretter kalla Samordningsgruppa) som omfattar dei melde organa som er utpeikte i medhald av artikkel 17 nr. 1 i denne avgjerda, skal opprettast som ei arbeidsgruppe innanfor Utvalet for elektroniske bompengar, i samsvar med møteføresegnene til Utvalet.

Samordningsgruppa skal utarbeide og ajourføre ei liste over standardar, tekniske spesifikasjonar og normative dokument som kan nyttast som grunnlag for å vurdere samsvaret med spesifikasjonane og bruksdugleiken til EETS-samverknadskomponentane. Samordningsgruppa skal vere eit forum for drøftingar av alle problem som kan oppstå i samband med framgangsmåtane for vurdering av samsvaret med spesifikasjonane og bruksdugleiken, og for å leggje fram løysingar på desse problema.

Artikkel 19

Register

1. For føremåla med gjennomføringa av denne avgjerda skal kvar medlemsstat føre eit nasjonalt elektronisk register over følgjande:

a) EETS-områda innanfor territoriet sitt, medrekna opplysningar om

— dei aktuelle bompengerevjarane,

— dei teknologiane som er nytta i innkrevjinga av bompengar,

— bompengedataa,

— EETS-områdefråsegna,

— dei EETS-tilbydarane som har EETS-kontraktar med dei bompengerevjarane som driv verksemd i medlemsstaten sitt ansvarsområde.

Ein medlemsstat skal føre opp endringar i registeret over bompengerevjarar, eventuelt medrekna den datoen då dei tek til å gjelde, straks etter at desse endringane er vedtekne, samstundes som det vert teke omsyn til vedlegg VI nr. 3 og 4.

b) Dei EETS-tilbydarane som dei har registrert i samsvar med artikkel 3.

Med mindre noko anna er fastsett skal medlemsstatane minst ein gong i året kontrollere at krava i bokstav a), d), e) og f) i artikkel 3 og artikkel 4 nr. 2 framleis vert oppfylte, og ajourføre registeret. Registeret skal òg innehalde konklusjonane frå den revisjonen som er fastsett i artikkel 3 bokstav e). Ein medlemsstat skal ikkje haldast ansvarleg for handlingane til dei EETS-tilbydarane som er førde opp i registeret hans.

2. Medlemsstatane skal gjere alle tiltak som er naudsynte for å sikre at alle opplysningar i det nasjonale elektroniske registeret er ajourførde og nøyaktige.

3. Registra skal vere elektronisk tilgjengelege for ålmenta.

4. Desse registra skal vere tilgjengelege innan ni månader etter at denne avgjerda har teke til å gjelde.

5. Ved utgangen av kvart kalenderår skal dei styresmaktene som er ansvarlege for registra i medlemsstatane, på elektronisk måte sende registra over EETS-område og EETS-tilbydarar til motpartane sine i dei andre medlemsstatane og til Kommisjonen. Registreringsstaten og Kommisjonen skal gjerast merksame på alle mishøve med omsyn til situasjonen i ein medlemsstat.

KAPITTEL VII

SLUTTFØRESEGNER

Artikkel 20

Forsøkssystem for bompengar

Med sikte på teknisk utvikling av den europeiske elektroniske bompengetenesta kan medlemsstatane på avgrensa delar av bompengeområdet sitt og parallelt med det systemet som samsvarer med den europeiske elektroniske bompengetenesta, gje mellombels løyve til forsøkssystem for bompengar som omfattar ny teknologi eller nye konsept som ikkje er i samsvar med éi eller fleire av føresegnene i direktiv 2004/52/EF eller denne avgjerda.

Eit slikt løyve må godkjennast på førehand av Kommissjonen. Den første løyveperioden skal ikkje vare lenger enn tre år.

Det skal ikkje krevjast at EETS-tilbydarar tek del i forsøkssystem for bompengar.

Artikkel 21

Rapport

Innan 18 månader etter at denne avgjerda har teke til å gjelde, skal Kommissjonen utarbeide ein rapport om framgangen i innføringa av den europeiske elektroniske bopengetenesta.

Artikkel 22

Adressatar

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 6. oktober 2009.

For Kommissjonen

Antonio TAJANI

Visepresident

VEDLEGG I

INNHALD I EIEETS-OMRÅDEFRÅSEGN

Ei EETS-områdefråsegn skal innehalde følgjande opplysningar:

1. Eit avsnitt om dei krava som vert stilte til EETS-tilbydarar, som minst skal omfatte dei faste avgiftene som er pålagde EETS-tilbydarane og er utrekna på grunnlag av kostnadene som bompenggeinnkrevjaren har for å tilby, drive og vedlikehalde eit EETS-kompatibelt system på bompenggeområdet sitt når desse kostnadene ikkje er medrekna i bompengane.

Dette kan òg omfatte føresegner om bankgaranti eller eit tilsvarande finansielt instrument, som ikkje skal overstige den månadlege bompengetransaksjonssummen som EETS-tilbydaren betalar for dette bompenggeområdet. Denne summen skal fastsetjast på grunnlag av den samla bompengetransaksjonssummen som EETS-tilbydaren betalte for dette bompenggeområdet det føregåande året. Når det gjeld nye selskap, skal summen reknast ut på grunnlag av dei venta gjennomsnittlege bompengetransaksjonssummane som EETS-tilbydaren skal betale for dette bompenggeområdet i samsvar med talet på kontraktar og den gjennomsnittlege bompengesummen per kontrakt som er utrekna etter forretningsplanen til EETS-tilbydaren.

2. Eit avsnitt om sakshandsamingsføresegner, som skal sikre lik handsaming og minst omfatte følgjande:
 - a) Prinsipp for bompengetransaksjonar (godkjenningsparametrar, bompengedata, svartelister osv.).
 - b) Framgangsmåtar og ei avtale om tenestenivå (t.d. format for overføring av data om bompengedeklarering, tidspunkt og intervall for overføring av bompengedeklareringsdata, godkjend prosentsats for manglande/feilbetalte bompengar, nøyaktige bompengedeklareringsdata, ytingskrav til driftstilgang osv.).
 - c) Faktureringsvilkår.
 - d) Betalingsvilkår.
 - e) Forretningsvilkår, som skal avtalast ved tosidige forhandlingar mellom bompenggeinnkrevjaren og EETS-tilbydaren, medrekna krav til tenestenivå.
-

VEDLEGG II

ROLLAR OG GRENSESNIITT FOR PARTANE I DEN EUROPEISKE ELEKTRONISKE BOMPENGETENESTA

1. EETS-brukarane har ingen direkte kontakt med bompengeinnkrevjarane som ein del av den europeiske elektroniske bompengetenesta. Kontakten mellom EETS-brukarane og EETS-tilbydarane (eller køyretøyutstyret deira) kan vere spesifikk for kvar EETS-tilbydar utan at det går ut over samverknadsevna til den europeiske elektroniske bompengetenesta.
2. Elektroniske grensesnitt mellom EETS-tilbydarar og bompengeinnkrevjarar finst i to kategoriar: Elektroniske grensesnitt ved vegen, mellom køyretøyutstyret til EETS-tilbydaren og det faste eller mobile utstyret til bompengeinnkrevjaren, og elektroniske grensesnitt mellom dei respektive sentralsystema.
3. Dei standardiserte grensesnitta ved vegen, mellom køyretøyutstyret og det faste eller mobile utstyret til bompengeinnkrevjaren skal minst gjere det mogleg med følgjande:
 - a) Innkrevjingstransaksjonar ved hjelp av DSRC (radiosamband over kort avstand).
 - b) Transaksjonar for samsvarskontroll i sanntid.
 - c) Posisjonsforsterking (der det er relevant).EETS-tilbydarar må innføre alle desse grensesnitta i køyretøyutstyret sitt. Bompengeinnkrevjarar kan innføre nokre av eller alle desse grensesnitta i det faste eller mobile utstyret sitt ved vegen, i samsvar med krava som dei er underlagde.
4. Som eit minstekrav må følgjande standardiserte administrative grensesnitt innførast av alle EETS-tilbydarar. Bompengeinnkrevjarar må innføre kvart einskilt grensesnitt, men kan velje berre å nytte anten GNSS eller DSRC som innkrevjingsprosess.
 - a) Utveksling av data om bompedeclarering mellom EETS-tilbydarar og bompengeinnkrevjarar, særleg følgjande:
 - Oversending og godkjenning av krav om bompengebetalning basert på innkrevjingstransaksjonar ved bruk av DSRC.
 - Oversending og godkjenning av bompedeclarasjonar ved bruk av GNSS.
 - b) Fakturering/oppgjær.
 - c) Utveksling av opplysningar for å kunne handtere unntak
 - i innkrevjingsprosessen ved bruk av DSRC,
 - i innkrevjingsprosessen ved bruk av GNSS.
 - d) Utveksling av EETS-svartelister.
 - e) Utveksling av sikre objekt.
 - f) Oversending av bompededata frå bompengeinnkrevjarar til EETS-tilbydarar.

VEDLEGG III

GRUNNLEGGJANDE KRAV

1. Allmenne krav

1.1. Tryggleik/helse

Alle innretningar som er meinte for handsaming av brukarar, må vere utforma på ein slik måte at dei ikkje hindrar sikker drift av innretningane eller skadar helsa og tryggleiken til brukane dersom dei vert nytta på ein føreseieleg måte som ikkje er i samsvar med dei fastsette instruksjonane.

1.2. Pålitlsgrad og tilgang

Overvakinga og vedlikehaldet av faste eller flyttbare komponentar som er knytte til verkemåten til den europeiske elektroniske bompengenesta, må organiserast, gjennomførast og kvantifiserast på ein slik måte at drifta deira vert halden ved lag på dei vilkåra som dei er meinte for.

Den europeiske elektroniske bompengenesta må vere utforma på ein slik måte at systemet framleis kan fungere sjølv om det oppstår feil eller svikt i komponentar, eventuelt med lågare driftsnivå, og med minst mogleg forseinking for EETS-brukarane.

1.3. Miljøvern

Køytøyutstyret og infrastrukturen på bakken må vere utforma og framstilt på ein slik måte at det er elektromagnetisk kompatibelt med installasjonar, utstyr og offentlege eller private nett som dei kan kome til å påverke.

1.4. Teknisk kompatibilitet

Dei tekniske eigenskapane ved utstyret til EETS-tilbydarane og bompengeneinkrevjarane må vere kompatible når det har eit felles grensesnitt innanfor ramma av den europeiske elektroniske bompengenesta.

1.5. Tryggleik/personvern

1. Den europeiske elektroniske bompengenesta skal omfatte måtar for å verne bompengeneinkrevjarar, EETS-tilbydarar og EETS-brukarar mot svik/misbruk.
2. Den europeiske elektroniske bompengenesta skal omfatte tryggleiksfunksjonar til vern av data som er lagra, handtert og overført mellom partane i EETS-miljøet. Tryggleiksfunksjonane skal verne interessene til partane i den europeiske elektroniske bompengenesta frå skade som følgje av manglande tilgang, fortruleg handsaming, integritet, autentisering, ikkje-nektning og tilgangsvern for sensitive brukardata, i samsvar med krava til eit europeisk fleirbrukarmiljø.

2. Særlege krav

2.1. Krav til infrastruktur

2.1.1. Allment

2.1.1.1. For å sikre samverknadsevna i heile Fellesskapet for brukarar av elektroniske bompengesystem som alt er vortne innførde i medlemsstatane, og for system som skal innførast i framtida innanfor ramma av den europeiske elektroniske bompengenesta, skal delsystemet for infrastruktur i EETS vere i samsvar med artikkel 2 nr. 1 og artikkel 4 nr. 3 i direktiv 2004/52/EF.

2.1.1.2. Infrastrukturen til den europeiske elektroniske bompengenesta skal sikre at bompengedeklareringsdata er så nøyaktige at dei oppfyller krava i bompengoordninga med sikte på å garantere lik handsaming mellom EETS-brukarar når det gjeld bompengar og avgifter (rettferd).

2.1.1.3. I samsvar med krava til EETS-grensesnittet som er omtala i vedlegg II, skal det innførast felles kommunikasjonsprotokollar mellom bompengeneinkrevjarar og EETS-tilbydarar. EETS-tilbydarane skal gjennom samverkande kommunikasjonskanalar gje bompengeneinkrevjarane trygge opplysningar om bompengoperasjonar og kontroll/sanksjonar i samsvar med gjeldande tekniske spesifikasjonar.

- 2.1.1.4. EETS skal gjere det mogleg for bompenggeinnkrevjarar å kunne påvise på ein enkel og eintydig måte om eit køyretøy som trafikkerer bompenggeområdet deira og har opplyst at det nyttar EETS, faktisk er utstyrt med godkjent og fungerande EETS-køyretøyutstyr som gjev sannferdige opplysningar.
- 2.1.1.5. Køyretøyutstyret skal gjere det mogleg for bompenggeinnkrevjarane å identifisere den ansvarlege EETS-tilbydaren. Køyretøyutstyret skal jamleg overvake denne funksjonen, deaktivere seg sjølv dersom det vert påvist avvik, og om mogleg melde frå til EETS-tilbydaren om avviket.
- 2.1.1.6. Når det er relevant, skal EETS-utstyret vere utforma på ein slik måte at det har samverknadskomponentar som nyttar opne standardar.
- 2.1.1.7. EETS-køyretøyutstyr skal ha eit grensesnitt mellom menneske og maskin som viser brukaren at køyretøyutstyret fungerer slik det skal, og eit grensesnitt for deklarerer av variable bompenggeparametrar og for å vise innstillingane til desse parametrane.
- 2.1.1.8. Køyretøyutstyret skal vere integrert på ein sikker måte. Monteringa av utstyret skal oppfylle krava til køyretøy når det gjeld synsfelt framover⁽¹⁾ og innvendig utstyr⁽²⁾.
- 2.1.1.9. Når det er relevant, skal bompenggeinnkrevjarane gje førarane melding, ved bruk av vegskilt eller på annan måte, og særleg når dei køyrer inn i og ut av eit bompenggeområde, om at dei skal betale bompengar eller ei avgift for å nytte køyretøyet i bompenggeområdet.

2.1.2. Bompengesystem baserte på mikrobølgjeteknologi

EETS-programvare som er baserte på mikrobølgjeteknologi, skal oppfylle krava i følgjande standardar:

- For køyretøyutstyret til EETS-tilbydarar: både EN1 5509 og ETSI ES 200674-1 med tilhøyrande tekniske rapportar for gjennomføring av protokollen.
- For bompenggeinnkrevjarane sitt faste og mobile utstyr ved vegen: EN 15509. I Italia kan bompenggeinnkrevjarane sitt faste og mobile utstyr ved vegen i staden nytte ETSI ES 200674-1 med tilhøyrande tekniske rapportar for gjennomføring av protokollen.

2.1.3. Bompengesystem baserte på det verdsomspennande satellittnavigasjonssystemet (GNSS)

EETS-tilbydarane skal overvake tilgangen til satellittbaserte navigasjons- og posisjonsdata.

EETS-tilbydarane skal melde frå til bompenggeinnkrevjarane om eventuelle vanskar med å utarbeide bompengedeclareringsdata i samband med mottak av satellittsignal. Bompenggeinnkrevjarane skal nytte dei mottekne opplysningane til å identifisere problemområde og, der det er naudsynt, skaffe fram forsterka posisjonssignal, etter avtale med EETS-tilbydarane.

2.2. Krav til drift og styring

1. Den europeiske elektroniske bompengetenesta skal oppfylle krava i europeisk regelverk for personvern med omsyn til handsaming av personopplysningar og fri utveksling av slike opplysningar. Det skal særleg sikrast at det er samsvar med direktiv 95/46/EF og direktiv 2002/58/EF.
2. Bompenggeinnkrevjarane og EETS-tilbydarane skal utarbeide kriseplanar med sikte på å unngå større forstyrringar i trafikkflyten dersom den europeiske elektroniske bompengetenesta ikkje skulle vere tilgjengeleg.

⁽¹⁾ Kommissjonsdirektiv 90/630/EØF 90/630/EØF av 30. oktober 1990 om tilpasning til den tekniske utvikling av rådsdirektiv 77/649/EØF om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om motorvognføreres synsfelt (TEF L 341 av 6.12.1990, s. 20).

⁽²⁾ Europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/4/EF av 28. februar 2000 om endring av rådsdirektiv 74/60/EØF om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om innvendig utstyr i motorvogner (interiørdeler i kupeen unntatt innvendig speil, betjeningsinnretningenes utforming, tak eller skyvetak, ryggstøtte og bakside av seter) (TEF L 87 av 8.4.2000, s. 22).

VEDLEGG IV

SAMSVARET MED SPESIFIKASJONANE OG BRUKSDUGLEIKEN TIL SAMVERKNADSKOMPONENTANE

EF-FRÅSEGNAR

1. Samsvar med spesifikasjonar

For å vurdere om samverknadskomponentar (medrekna utstyr ved vegen og grensesnitt) oppfyller dei krava som er fastsette i denne avgjerda, og alle dei relevante tekniske spesifikasjonane, skal produsenten av samverknadskomponentane som skal nyttast i EETS, eller den godkjende representanten hans, velje framgangsmåtene sine blant dei modulane som er førde opp i avgjerd 768/2008/EF. Produsenten skal deretter utarbeide ei EF-fråsegn om samsvaret mellom samverknadskomponentane og spesifikasjonane, eventuelt på det vilkåret at eit meldt organ har utferda eit typeprøvingssertifikat.

Alt etter kva modul for samsvarsvurdering i avgjerd nr. 768/2008/EF som er valt, skal EF-fråsegna om samsvar med spesifikasjonar omfatte produsenten si eiga vurdering, eller den vurderinga som eitt eller fleire melde organ har gjort for å slå fast om det ibuande samsvaret til dei einsskilte samverknadskomponentane er i samsvar med dei spesifikasjonane som skal oppfyllast.

2. Bruksdugleik (samverknaden til tenesta)

Bruksdugleiken til samverknadskomponentane vert vurderte ved at dei vert nytta i drift, integrerte på den tilsikta måten i EETS-bompengesystemet til den bompenggeinnkrevjaren som skal nytte dei i køyretøyutstyr på området sitt i ein fastsett driftsperiode.

For å utføre ei slik typeprøving med røynsle frå drift av utstyret, med sikte på å påvise samverknadsevna til samverknadskomponentane, skal EETS-tilbydaren eller ein godkjend representant

- a) anten samarbeide direkte med den eller dei bompenggeinnkrevjarane som skal nytte dei i køyretøyutstyr på området sitt. I så fall

skal EETS-tilbydaren eller ein godkjend representant

1. installere eitt (eller fleire) eksemplar som er representative for den planlagde produksjonen,
2. overvake korleis samverknadskomponentane oppfører seg i drift gjennom ein framgangsmåte som er godkjend og er under tilsyn av bompenggeinnkrevjaren,
3. leggje fram prov for bompenggeinnkrevjaren på at samverknadskomponentane oppfyller krava hans,
4. utarbeide ei fråsegn om bruksdugleik, på det vilkåret at bompenggeinnkrevjaren har utferda eit bruksdugleikssertifikat. Fråsegna om bruksdugleik omfattar ei vurdering frå bompenggeinnkrevjaren om at samverknadskomponentane i EETS-miljøet til denne bompenggeinnkrevjaren er eigna til bruk,

og bompenggeinnkrevjaren skal

1. godkjenne programmet for validering gjennom røynsle frå drift av utstyret,
2. godkjenne framgangsmåten for overvaking av korleis samverknadskomponentane oppfører seg i drift i bompenggeområda deira, og utføre særlege kontrollar,
3. vurdere samverknadsevna under drift saman med systemet (deira),
4. attestere bruksdugleiken på bompenggeområda deira dersom samverknadskomponentane fungerer slik dei er tiltenkt,

- b) eller be om støtte hjå eit meldt organ. I så fall

skal EETS-tilbydaren eller ein godkjend representant

1. installere eitt (eller fleire) eksemplar som er representative for den planlagde produksjonen,
2. overvake korleis samverknadskomponentane oppfører seg i drift gjennom ein framgangsmåte som er godkjend og er under tilsyn av det melde organet (harmonisert med tilhøyrande modular i avgjerda nr. 768/2008/EF),
3. leggje fram prov for det melde organet på at samverknadskomponentane oppfyller alle krava i denne avgjerda, medrekna resultatata frå røynsle frå drift av utstyret,
4. utarbeide EF-fråsegna om bruksdugleik, som krevst for at det melde organet skal utferde eit bruksdugleikssertifikat. EF-fråsegna om bruksdugleik omfattar det melde organet si vurdering/bedømming av bruksdugleiken til EETS-samverknadskomponentane, som er utført innanfor EETS-miljøet av dei utvalde bompenggeinnkrevjarane, og særleg i dei tilfella som omfattar grensesnitt i samband med dei tekniske spesifikasjonane, særleg dei som er av ein funksjonell art, som skal kontrollerast,

og det melde organet skal

1. ta omsyn til fråsegna om samsvar med spesifikasjonane. Difor skal det ved typeprøvinga av drift ikkje gjerast noka ny vurdering av dei typespesifikasjonane som alt er omfatta av samsvarsfråsegna, bortsett frå i tilfelle der det kan provast at problem som oppstår med manglande samverknadsevne, er knytte til slike spesifikasjonar,
2. leggje til rette for samarbeid med dei bompenggeinnkrevjarane som produsenten har valt ut,
3. kontrollere den tekniske dokumentasjonen og programmet for validering av røynsle frå drift av utstyret,
4. godkjenne framgangsmåten for overvaking av samverknaden i drift, og utføre særleg overvaking,
5. vurdere samverknaden med systema og driftsprosessane til bompenggeinnkrevjarane,
6. utferde eit bruksdugleikssertifikat dersom samverknadskomponentane fungerer slik dei er tiltenkt,
7. utferde ein forklarande rapport i tilfelle der samverknadskomponentane ikkje fungerer tilfredsstillande. I rapporten skal det òg takast omsyn til dei problema som kan oppstå som følgje av at systema og prosessane til bompenggeinnkrevjaren ikkje er i samsvar med relevante standardar og tekniske spesifikasjonar. Dersom det er føremålstenleg, skal rapporten innehalde tilrådingar med sikte på løysing av problema.

3. Innhaldet i EF-fråsegnene

EF-fråsegnene om samsvar med spesifikasjonane og om bruksdugleik, og dei tilhøyrande dokumenta, skal vere daterte og underskrivne.

Fråsegnene skal vere skrivne på det same språket som instruksjonane, og skal innehalde følgjande:

- a) tilvisingar til direktivet,
- b) namnet og adressa til produsenten, EETS-tilbydaren eller den godkjende representanten hans som er etablert i Fellesskapet (det skal opplystast om handelsnamn og fullstendig adresse, og når det gjeld den godkjende representanten, skal det òg opplystast om handelsnamnet til produsenten eller konstruktøren),
- c) opplysningar om samverknadskomponentane (merke, type, versjon osv.),
- d) opplysningar om kva framgangsmåte som vert vald for å utferde fråsegna om samsvar med spesifikasjonar eller bruksdugleik,

- e) alle relevante krav som samverknadskomponentane oppfyller, og særleg, bruksvilkåra deira,
 - f) når det er relevant, namnet og adressa til bompengerevjarane/dei melde organa som medverkar i den framgangsmåten som vert nytta ved vurderinga av samsvar med spesifikaasjonar eller av bruksdugeleik,
 - g) når det er relevant, tilvising til dei tekniske spesifikaasjonane,
 - h) opplysningar om underskrivaren som har fullmakt til å inngå pliktande avtaler på vegner av produsenten eller den godkjende representanten hans i Fellesskapet.
-

VEDLEGG V

MINSTEKRITERIUM SOM MEDLEMSSTATANE SKAL TA OMSYN TIL VED UTPEIKING AV MELDE ORGAN

- a) Organet skal vere akkreditert i samsvar med standardar i EN 45000-serien.
 - b) Organet og det personalet som har ansvaret for kontrollane, skal utføre kontrollane med størst mogleg fagleg integritet og størst mogleg teknisk kompetanse, og skal ikkje vere underlagt press eller stimuleringstiltak, særleg av økonomisk art, som vil kunne påverke dømekrafta deira eller resultatane av inspeksjonen deira, særleg frå personar eller grupper av personar som vert påverka av resultatane av kontrollane.
 - c) Organet, direktøren for organet og det personalet som har ansvaret for å utføre eller overvake kontrollane, skal ikkje medverke, anten direkte eller som godkjende representantar, i utforming, framstilling, konstruksjon, marknadsføring eller vedlikehald av samverknadskomponentane eller i bruken av dei. Dette er ikkje til hinder for at tekniske opplysningar kan utvekslast mellom produsenten eller konstruktøren og det nemnde organet.
 - d) Organet skal ha eller ha tilgang til dei midla som krevst for å kunne utføre dei tekniske og administrative oppgåvene i samband med kontrollane, på ein høveleg måte.
 - e) Personalet som har ansvaret for kontrollane, skal ha
 - tilstrekkeleg teknisk og yrkesretta opplæring,
 - tilfredsstillande kunnskap om dei krava som gjeld for kontrollane som dei utfører, og tilstrekkeleg praktisk røynsle frå slike kontrollar,
 - evne til å utarbeide sertifikat, protokollar og rapportar som utgjer det formelle registeret over dei inspeksjonane som er utførde.
 - f) Den uavhengige stillinga til det personalet som har ansvaret for kontrollane, må garanterast. Ingen tenestemann skal lønast verken på grunnlag av talet på utførde kontrollar, eller ut frå resultatane av desse kontrollane.
 - g) Organet skal teikne ansvarsforsikring, med mindre dette ansvaret vert dekt av staten i medhald av nasjonal lovgjeving, eller med mindre kontrollane vert utførde direkte av medlemsstaten.
 - h) Personalet til organet har teieplikt med omsyn til alt som dei får vite under utføringa av oppgåvene sine (bortsett frå dei rette administrative styresmaktene i staten der dei utfører desse oppgåvene) i medhald av direktiv 2004/52/EF og denne avgjerda, eller føreseger i nasjonal lovgjeving som gjennomfører direktivet.
-

VEDLEGG VI

PARAMETRAR FOR KØYRETØYKLASSIFISERING**1. Allmenne føresegner**

- 1.1. Den serien med parametar for køyretøyklassifisering som skal nyttast i den europeiske elektroniske bompengenesta, skal ikkje avgrense bompengeinnkrevjarane sitt val av takstsystem. Det skal vere mogleg for den europeiske elektroniske bompengenesta å tillate at parametranne for klassifisering kan utviklast i samsvar med dei behova som kan tenkjast å oppstå i framtida.
- 1.2. Ein bompengeinnkrevjar skal minst tre månader før takstsystemet vert nytta i bompengeområdet hans, melde frå om korleis serien av parametar for køyretøyklassifisering fungerer saman med kvar einiskild takstklasse, i samsvar med føresegnene i artikkel 19.
- 1.3. Ein bompengeinnkrevjar skal offentleggjere korleis takstklassane for køyretøy fungerer saman med kvart av dei takstsystema som vert nytta i eit av bompengeområda hans, i samsvar med føresegnene i artikkel 19.

2. Parametar for køyretøyklassifisering

- 2.1. Utan at det rører ved nr. 1.1 i dei allmenne føresegnene ovanfor, kan ein bompengeinnkrevjar nytte følgjande parametar for køyretøyklassifisering:
 - a) alle målbare køyretøyparametar som kan målast på ein eintydig måte av utstyret ved vegen,
 - b) alle køyretøyparametar som er støtta av standardane EN 15509 og ETSI ES 200674-1 med tilhøyrande tekniske rapportar for gjennomføring av protokollen,
 - c) køyretøyparametar som er obligatoriske i registreringsdokumenta for køyretøy⁽¹⁾ og er standardiserte i CEN ISO/TS24534,
 - d) dei variable parametranne for køyretøyklassifisering som no vert nytta i bompengesystem, t.d. talet på akslar (medrekna løfta akslar), om køyretøyet har tilhengar osv.,
 - e) dei følgjande miljøparametranne:
 - utsleppsklassen til køyretøyet, dvs. miljøklassen i samsvar med rådsdirektiv 88/77/EØF⁽²⁾ og europaparlaments- og rådsdirektiv 2006/38/EF⁽³⁾,
 - ein harmonisert CO₂ relatert parameter, t.d. den harmoniserte fellesskapskoden V.7 i registreringsdokumenta for køyretøy.

- 2.2. Når eit køyretøy trafikkerer eit bompengeområde, skal køyretøyutstyret vere i stand til å sende parametranne for køyretøyklassifisering og

⁽¹⁾ Rådsdirektiv 1999/37/EF av 29. april 1999 om registreringsdokumenta for kjøretøyer (TEF L 138 av 1.6.1999, s. 57).

⁽²⁾ Rådsdirektiv 88/77/EØF av 3. desember 1987 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om tiltak mot utslipp av forurensende gasser fra motorer med kompresjonstenning til bruk i kjøretøyer og utslipp av forurensende gasser fra motorer med elektrisk tenning som bruker naturgass eller flytende petroleumsgass, til bruk i kjøretøyer (TEF L 36 av 9.2.1988, s. 33).

⁽³⁾ Europaparlaments- og rådsdirektiv 2006/38/EF av 17. mai 2006 om endring av direktiv 1999/62/EF om avgifter på tunge lastebiler for bruk av visse typer infrastruktur (TEU L 157 av 9.6.2006, s. 8).

statusopplysningar om køyretøyutstyret til bompenggeinnkrevjaren sitt overvakingsutstyr.

3. **Nye parametrar for køyretøyklassifisering**

Dersom ein bompenggeinnkrevjar vil innføre nye parametrar for køyretøyklassifisering, skal medlemsstaten der bompenggeinnkrevjaren er registrert melde frå til Kommisjonen og dei andre medlemsstatane om dette. Kommisjonen skal vise saka vidare til Utvalet for elektroniske bompengar, som fastsett i artikkel 5 nr. 1 i direktiv 2004/52/EF, og kome med ei fråsegn innan seks månader, i samsvar med den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 5 nr. 2 i direktiv 2004/52/EF.

4. **Nye takstsystem**

- 4.1. Dersom eit nytt takstsystem byggjer på parametrar for køyretøyklassifisering som alt er i bruk i minst eitt EETS-område, skal EETS-tilbydarane ta i bruk det nye takstsystemet frå datoen då det tek til å gjelde.
 - 4.2. Dersom det med eit nytt takstsystem vert innført ein eller fleire nye parametrar for køyretøyklassifisering, skal framgangsmåten i nr. 3 følgjast.
-